

TIL EIGARANE AV SAMBANDET VEST AS, 2015: Askøy kommune, Radøy kommune, Meland kommune, Lindås kommune, Austrheim kommune, BKK AS, Wimoh Invest AS, Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

FØRESETNAD FOR VIDERE DRIFT AV SELSKAPET, SAMB.VEST AS, 2015-16, OG 2017.

Ny aksjekapital, stor N kr 1,6 mill vedteke på generalforsamlinga 24.juni 2013, med ovanstående eigarar, er ved årskiftet 2014-på nær brukt. Storparten, kr 1.222 mill har gått til tilbakebetaling av driftslån gjeve av Askøy kommune ved oppstart av SV AS, aug 2010. Ein del er nytta til oppgradering-utviding av forprosjektet- til slik det ligg føre pr.dato. (Konsulentutg.), og ein mindre del som utg.til rekneskap, revisor, styrehonorar, mm.

Styret har lagt til grunn ein framdriftsplan for vidare planar-godkjenning av tracear for ein sambindingsveg mellom Askøy og Nordhordland, val av bru-ev tunnel-løysing Askøy-Meland, og nærare planar for det. Vidare planmøter med kommunane der vegtracen vert valgt, møter med St.vegvesen og Fylkeskommunen. Framdriftsplanen legg soleis opp til ein ferdig prosjektplan, som kan vera grunnlag for saksbehandling i prosessen- vidare til rullering av NTP i 2017-18. Jf vedlegg.

Styret har lagt til grunn at til det arbeidet-dei næraste åra, trengs min.1,5 mill Nkr. Styret ber difor om rimeleg rask attendemelding frå eigarane om vidare drift av selskapet er ønska, og i tilfelle at pengar vert stillt til disposisjon til det. (Ny aksjekapital)

I motsatt fall vil styret anbefala selskapet avvikla innan 1.halvår 2015. «Signal» frå BKK AS og Wimoh Inv tyder på at dei er med vidare hvis dei øvrige eigarane seier ja. Ved vidare drift har styret tankar om å få med att nokre av eigarane som var med i starten, f.eks kommunane Bergen , Fjell og Øygarden, (Fergedrift nordre Askøy-Øygarden er med i forpr.), og fleire større private verksemder som nye eigarar.

Dersom ein legg til grunn «dagens» aksjefordeling som er: Askøy k 30, Radøy, Lindås og Austrheim, 11 aksjar kvar, Meland k 12, BKK og Wimoh, 20 aksjar kvar, og Nordh.Utv.s.IKS, 45 , tilsaman 160 aksjar-vil ny aksjekapital på 1,5 mill verta slik fordelt: Askøy, 281.250, Radøy, Lindås og Austrh: 103.125, kvar, Meland, 112.500, Nh Utv.s, 421.875, og BKK og Wimoh, 187.500,-kvar. (Nkr 9375, pr aksje)

Styret vil ev. kalla inn til eit eigarmøte i februar i år, dersom føresetnaden for vidare drift ikkje er tilstades. Syner og til brev til eigarane, datert 06.10.14, om saka.

Manger, 15.jan-2015.

John M. Bauge, styrel. Samb.Vest AS